


Det kongelige kultur- og kirkedepartement



Saksbehandler  
Ingrid Aukrust  
Telefon 73 59 66 91  
E-post [ingrid.aukrust@hf.ntnu.no](mailto:ingrid.aukrust@hf.ntnu.no)

Vår dato:  
12.03.2004


Vår ref.:  
2004/103/003


Deres dato:

Deres ref.:  
2003/2281KU/KU2kha:pbp

### Høring - forslag om endring av Lov om stadnamn

Det historisk-filosofiske fakultet, NTNU viser til brev av 04.02.2004 og oversender høringsuttalelse om endringer av Lov om stadnamn.

  
Ivar Østerlie  
Fakultetsdirektør

  
Ingrid Aukrust  
Underdirektør

Kopi: Universitetsdirektøren

09.03.04

2004/103-2

OOS

IA/ADM



Notat

Til: HF-fakultetet, NTNU

Frå: INL - seksjon for språk

Kopi til: INL

Om: Framlegg til høyringsnotat

Saksbehandlar: Jan Ragnar Hagland

Dato: 09.03.2004 Signatur:

Arkiv:

NU-ord.
Saknr. 04 / 363 delnr. 28
Vedlegg 1 av 1

## Framlegg til høyringsfråsegn frå NTNU om *Forslag til endring av Lov om stadnamn*

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet har merkt seg at dei endringane og nye punkta som departementet foreslår i lova er mange og vidtgående. Departementet fremjar dei ut frå arbeidet til ein lokal komite, utan representasjon frå namnekonsulentane. På denne bakgrunnen vil NTNU foreslå at ein revisjon av lova blir utsett og at ein meir representativ og landsgyldig komite blir sett ned til å utarbeide framlegg til endringar i lova. Premissane for dette vil ein òg finne i merknadene nedafor.

Skulle departementet likevel finne at det vil gå vidare med dette lovarbeidet, vil NTNU komma med følgjande merknader:

NTNU støttar følgjande:

Ny § 1, første og andre ledd, om føremålet og kven som pliktar å følgje lova.

Ny § 2, med viktige definisjonar (særleg gardsnamn og bruksnamn).

Ny § 3, om namnevern.

Ny § 4, andre ledd, der det blir gjort framlegg om at skrivemåten i primærfunksjonen av eit namn i hovudregel skal vera retningsgjevande for avleide namn.

Ny § 5, tredje ledd, der Statens kartverk får vedtaksansvar for alle namn i statleg samanheng.

Ny § 9, første ledd, der det blir slått fast at vedtekne namn som er førde inn i stadnamnregisteret av *eige tiltak* skal brukast av alle offentlege organ.

Ny § 10, første ledd, det punktet som slår fast at *klager skal grunngjevast*.

Men på mange punkt er NTNU skepisk til dei nye framlegga frå departementet, til dels sterkt kritisk, og vi meiner at fleire ting bør omarbeidast. Det gjeld òg høyringsinstansane, der kyst- og fiskeinteressene, representerte ved organisasjonane sine, t.d. Norges fiskarlag, manglar fullstendig.

Elles har vi følgjande kommentar til det vi meiner er uheldige punkt:

Ny § 1, siste ledd, der det blir foreslått at lova ikkje skal gjelde for "*den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone*". Dette skil seg frå den no gjeldande formuleringa, der namna på sokkelen er omfatta av lova. Departementet foreslår endringa utan å realitetsdrøfte henne, og utan at det er nemnt i framlegget frå arbeidsgruppa. Dersom departementet verkeleg meiner det som står her, vil det ikkje berre ekskludere oljefeltsnamn frå lova, men òg titusenvis av namn på fiskeplassar (médnamn).

Ny § 4, første ledd, om at ein ved fastsetjing av skrivemåten skal ta utgangspunkt i "*den lokale talemålsforma av namnet*". Kva dette er, får vi greie på i § 2 pkt e, nemleg "*den uttaleforma som er i allmenn bruk av folk som er busette på staden*". Her blir i praksis dei fleste talemålsformer jamstelte, noko som bryt sterkt med føremålsparagrafen (i § 1) om kulturvern. Formuleringa med "*den nedervde uttalen*" i den no gjeldande lova er mykje klarare, den bryt heller ikkje med føremålsparagrafen og innbyr ikkje til så mykje strid som framleggsformuleringa gjer. Med den nye formuleringa ser vi for oss at det lett kan bli påstand mot påstand om kva former som er i "allmenn bruk".

Vidare i § 4, andre ledd, særleg pkt. b og c, går departementet bort frå prinsippet i den no gjeldande lova om at same namnet skal ha berre *ei* offisiell skriftform. Etter framlegget skal det vera høve til fleire namn på same namneobjektet når (b) "*to skriftformer av namnet er vel innarbeidde*" eller òg "*det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene*". Fagleg er dette nokså uforsvarleg og innbyr til ei rad med ulike påstandar, med sterkt varierende grad av sanningsverdi. Frå arbeidet til namnekonsulentane er det dokumentert at nystrigla gamle skriftmålsformer da vil dukke opp.- Igjen har vi her eit framlegg som ikkje er drøfta i arbeidsgruppa, som ikkje er i samsvar med føremålsparagrafen og som utan tvil vil føre til mykje strid i lokalsamfunna. Her òg burde ein kunne halde på den gamle formuleringa.

Ny § 6, første ledd, der det blir foreslått at synspunkta til eigar eller festar "*skal tilleggjast særskilt vekt*" – der eit nytt, ugrunna tillegg *særskilt* er føyd til, og utan den modifikasjonen som vi har i dag om at dette skal gjerast berre så langt det er mogleg innafor lova.

I tillegg til at dette fort kan bryte mot kulturverntanken i den nye § 1, så er det her privatrettslege tankar som blir blanda inn og lagt til grunn. I praksis er det ofte slektsnamnformer eigarane kan ønskje seg, og det er meir eit pedagogisk enn eit juridisk problem at stadnamn og slektsnamn har ulike funksjonar i samfunnet. Stadnamna har tradisjonelt vore felleseige, nytta av og for samfunnet, medan slektsnamna er knytte til namneberaren og høyrer privatretten til. Dette er t.d. slått fast av eit stort fleirtal i Vogt-komiteen (1966) og ein samrøystes komite bak NOU 1983:6 *Stadnamn*, som låg til grunn for den no gjeldande lova. På reint fagleg grunnlag skulle det difor ikkje vera nokon grunn til å flytte delar av "eigedomretten" over frå det fellesrettslege planet og til det privatrettslege, og gardsnamna og bruksnamna burde slik sett ikkje få noka særbehandling.

- Hit høyrer òg i grunnen spørsmålet om bunden og ubunden form av stadnamna, drøfta i høyringsframlegget s. 18 (§ 8.4.1). Ofte er det slik at eit slektsnamn er skrive utan artikkel, medan det korresponderande gards- eller bruksnamnet tradisjonelt har artikkel. Stundom ligg det òg ein historisk og kulturell skilnad i stadnamn med og utan artikkel, og som difor i samsvar med den nye formålsparagrafen ikkje bør raderast bort, men få ha det vernet det har i dag i forskriftene.

Vidare blir det i § 6, første ledd slutten, foreslått at namnekonsulentane ikkje lenger skal komma inn med dei faglege synspunkta ved starten av ei fastsetjing av skrivemåten, men gje si fråsegn *etter* at saka har vore drøfta av lokale interesser, og direkte til vedtaksorganet. Ein slik saksgang verkar merkeleg i forvaltningssystemet vårt, og det bryt mot prinsippet om at alle partar skal få tilgang til sakkunnige fråsegner så tidleg som råd. Igjen har departementet her gjort framlegg til ei endring som kan føre til at vi risikerer å få vedtak som ofte vil bryte mot formålsparagrafen i lova, og som garantert vil føre til mykje unødig kiv og strid i lokalsamfunna og mange klagesaker. I ordinære namnesaker bør difor saksgangen vera som før.

Av det som er sagt ovafor, vil det gå fram at lovframlegget frå departementet har mange og alvorlege manglar. Sakshandsaminga til departementet, inklusive høringsadresseringa, er òg i høgste grad kritikkverdig. NTNU vil difor rå departementet til å setje ned ein meir representativ komite som kan gå igjennom lova på nytt og komma med fagleg forsvarlege framlegg til forbetring av henne.